

Arly Karlsen & The Black Beat Band kjem nærmast direkte frå Nashville til Dønhaug for å spela på låvedansen laurdag 19. mai.

Store deler av april har han vore i USA for å spela inn sin fjerde CD som skal lanserast no månadsskiftet mai/juni. Her song han m.a. duett med Jonny Cash si vetlesøster, Joanna Cash Yates i ein direktesendt konsert for millionar av lyttarar verda over.

Han song m.a. sin eigen hyllingssang til Johnny Cash, "Here`s To You (The Man In Black)", ein song som Cash-familien har teke svært godt i mot.

Arly starta si solokarriere som country-sangar i 2001, og er no klar med sin fjerde CD. Han har hatt utallige konsertar i Europa, New Zeeland og USA. Han har opptredd på store, prestisjefylte arenaer, toppa utallige lister og hausta stor oppmerksomheit på TV og radiostasjonar i inn og utland. Forutan å opptre med eige band, finn vi han og saman med Ove Støylen og G. Thomas i "The European Highway Man".

"The Black Beat Band" består av Christian Seneger – trommer, Tommy Moe–elgitar, Frank Olsen-bass, Asbjørn Renberg – elpiano Arly vokal og akustisk gitar.

I tillegg til ekte countrymusikk, vil gjestene denne kvelden også kunna svinga seg til musikk frå det lokale dansebandet EDO. Dette bandet byrja å få godt ry på seg innan dansebandmiljøet, og spelar framifrå dansemusikk.

Dermed vil gjestene få "non stop" musikk heile kvelden.

Denne kvelden vil Uskedalen idrettslag stå for sal av grillmat av ymse slag, og bussar/taxi vert sett opp etter at arrangementet er slutt, fortel Magne Huglen.